

Protokoll nr. 09/16**Styremøte 25.11.16**

Tilstades: X

Styremedlemmar:

- X Stein Kinserdal, styreleiar
- X Petter Bjørdal, nestleiar
- X Svein Anders Grimstad
- X Kirsti Slotsvik
- X Torbjørg Vanvik
- Charles Austnes
- X Jan Arve Antonsen
- X Kirsti Sevaldsen
- X Anette Lekve

Frå administrasjonen møtte:

Adm.direktør Espen Remme
styresekretær Hilde Amundsen Flø
Ass.dir. Helge Ristesund
Økonomidirektør Heidi Nilsen
Fagdirektør Odd J. Veddeng
Personaldirektør Ragnhild Remøy
Klinikkssjef Henrik Erdal, Klinikk for barn, unge og kvinner
Klinikkssjef Ketil L. Gaupset, Klinikk for psykisk helsevern og rus
Klinikkssjef Ingar Pettersen, Klinikk for kirurgi og akuttbehandling
Klinikkssjef Mona Aagaard-Nilsen, Klinikk for drift og eigedom
Klinikkssjef Svanhild Tranvåg, Klinikk for diagnostikk

Frå Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF:

Leiar Ingrid Løset og Anne Grethe Møgstad.

Charles Austnes hadde meldt forfall, Anette Lekve stilte som vara.

Styreleiar Stein Kinsersdal leia styremøtet og ønska alle velkommen.

Dokumenter utdelt til møtet:

Sak 2016/74 – Referatsaker:

- Protokoll frå møte i Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal 21. november
- Protokoll frå møte i Arbeidsmiljøutvalet i Helse Møre og Romsdal HF 22.

Styret behandla følgjande saker i møte:

Sak 2016/72 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Innstilling:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjente innkalling og sakliste. Styret skrev under protokoll nr. 7 frå møte 28. september 2016.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjente innkalling og sakliste. Styret skrev under protokoll nr. 7 frå møte 28. september 2016.

Sak 2016/71 Godkjenning av protokoll nr. 08/16 frå møte 26.10.2016 vert behandla som første sak i neste møte, 25. november, og legges difor ut som utkast på styreadministrasjonen.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 8/16 frå styremøte 26.10.16 og signerte den i møtet.

Sak 2016/73 ORIENTERINGSAKER

Innstilling:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringssakene frå administrerande direktør til orientering.

Espen Remme orienterte om:

- Leiarsamling 24. november i Molde. Alle leiarar i HMR samt føretak og hovedtillitsvalde var tilstades.
- Elin Molvær Dypvik vart kåra til årets sjukepleierleiar i Møre og Romsdal
- Styresak 81-16 - Strategi 2030 - Helse Midt-Norge
- VG har hatt innsyn i tvangsprotokollar i HMR og andre helseføretak tidlegare i år, og tematikken kring tvang er eit nasjonalt tema. HMR blir truleg ein del av saken i samband med registreringsmetodar.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringssakene frå administrerande direktør til orientering.

Sak 2016/74 Referatsaker – uten saksframlegg

- Referat frå Brukarutvalet 21.11.2016 (deles ut i møtet – utsendt på e-post)
- Referat frå AMU 22.11.2016 (deles ut i møtet)
- Referat frå styremøte i Helse Midt-Norge RHF 10.11.2016
- Handlingsplan – revisjon om samhandling

Sak 2016-75 Statusrapport pr. oktober 2016 - Aktivitet - Økonomi og Kvalitet**Innstilling:**

Styret for Helse Møre og Romsdal tek statusrapporten til orientering.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal tek statusrapporten til orientering.

Sak 2016-76 Tiltråding konseptval Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR)**Innstilling:**

1. I tråd med oppdrag gjeve i føretaksmøte legg styret for Helse Møre og Romsdal HF (HMR) gjennom denne styresaka fram si tilråding overfor Helse Midt-Norge RHF (HMN), for val av konsept for prosjektet Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR), og tilrår vidare at prosjektet SNR får klarsignal til å gå inn i forprosjektfasen i januar 2017.
2. Styret vil gje ros til tilsette, brukarar, samarbeidspartar, prosjektstyret og prosjektorganisasjonen for eit særst solid arbeid i utgreinga av SNR konseptet, og vil samstundes takke alle som har gjeve høyringsuttalar.
3. Styret vil tilrå konseptalternativ 2A; Utbygging av felles akuttsjukehus på Hjelset (alternativ 2) og ombygging av eksisterande sjukehus i Kristiansund. Dagkirurgi i Kristiansund inngår i dette alternativet.
4. Styret understrekar at naudsynt omstilling i HMR før innflytting i SNR er avgjerande for å sikre økonomisk berekraft både for SNR og for å skape rom for naudsynt medisinteknisk utstyr og vedlikehald av bygningsmassen i helseføretaket. Styret viser til langsiktig avtale om økonomi og omstilling mellom styret for HMN og styret for HMR.

5. HMR skal samstundes med forprosjektet SNR revidere utviklingsplanen for føretaket, og desse to planprosessane må sjåast i samanheng, og styret tilrår derfor følgjande ramar:
 - a. Styringsmålet for prosjektet SNR i tråd med utrekningar i konseptarbeidet på 4,1 MRDNOK (P50).
 - b. Revideringa av utviklingsplanen vil synleggjere behov for investeringar som utvidar føretaket sitt likviditetsbehov i åra 2018-2022, anten i SNR-prosjektet eller i føretaket elles, og styret ber derfor om at HMN søker om finansiering i tråd med ramma i HMN ØLP som er 4,3 MRDNOK (P50).
6. Styret peikar på restarealet i Kristiansund sjukehus ut over det spesialisthelsetenesta skal nytte, og ber adm. dir. om å gå i dialog med Kristiansund kommune og/eller andre aktuelle eigedomsutviklarar for snarleg å avklare driftsmodell og eigedomsforholda, slik at ein for føretaket reduserer arealmessig risiko.
7. Styret tek arbeidet med «Konsekvensanalyse/ROS-analyse Konseptfasen SNR» til orientering, og ber om at denne vert lagt til grunn for vidare arbeid med risikoreduserande tiltak i forprosjektet.
8. Styret tek forbettringspunkt frå Kvalitetssikring av Konseptval (KSK) til orientering og ber om at desse vert lagt til grunn for vidare arbeid.
9. I eit framtidretta sjukehusprosjekt som SNR skal også organisering av fagmiljø, samarbeidslinjer og arbeidsprosessar utvikle seg, og styret ber derfor om at OU-arbeidet knytt til SNR vert prioritert høgt i forprosjektfasen, og at det vert sett i samanheng med HMR sitt pågåande OU-arbeid.
10. Styret vil vidare framheve at ein i forprosjektet må utvikle løysingar som legg til rette for standardisering, industrialisering og ein entreprisestrategi som sikrar at prosjektet vert gjennomført innanfor tildelt økonomisk styringsmål.
11. HMR har så langt i tidlegfasen hatt byggherreansvaret for SNR, og styret ber om at HMN avklarar byggherreansvaret for prosjektet fram til ferdigstilling. I byggherreansvaret ligg også vidareutviklinga av leverandørforholdet til Sykehusbygg HF, som ein kritisk suksessfaktor for prosjektet.

Protokoll:

Petter Bjørdal fremma forslag om tillegg i pkt. 8 slik:

«Økonomiske forhold må følgjast tett opp.»

Votering:

Styret stemte samrøysta i forslag frå Petter Bjørdal om tillegg i pkt. 8.

Styret stemte og samrøysta i forslag til vedtak i pkt 1,2,3,4,5,6,7,9,10 og 11.

Vedtak:

1. I tråd med oppdrag gjeve i føretaksmøte legg styret for Helse Møre og Romsdal HF (HMR) gjennom denne styresaka fram si tilråding overfor Helse Midt-Norge RHF (HMN), for val av konsept for prosjektet Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR), og tilrår vidare at prosjektet SNR får klarsignal til å gå inn i forprosjektfasen i januar 2017.
2. Styret vil gje ros til tilsette, brukarar, samarbeidspartar, prosjektstyret og prosjektorganisasjonen for eit særst solid arbeid i utgreiinga av SNR konseptet, og vil samstundes takke alle som har gjeve høyringsuttalar.
3. Styret vil tilrå konseptalternativ 2A; Utbygging av felles akuttsjukehus på Hjelset (alternativ 2) og ombygging av eksisterande sjukehus i Kristiansund. Dagkirurgi i Kristiansund inngår i dette alternativet.
4. Styret understrekar at naudsynt omstilling i HMR før innflytting i SNR er avgjerande for å sikre økonomisk berekraft både for SNR og for å skape rom for naudsynt medisinteknisk utstyr og vedlikehald av bygningsmassen i helseføretaket. Styret viser til langsiktig avtale om økonomi og omstilling mellom styret for HMN og styret for HMR.
5. HMR skal samstundes med forprosjektet SNR revidere utviklingsplanen for føretaket, og desse to planprosessane må sjåast i samanheng, og styret tilrår derfor følgjande ramar:
 - a. Styringsmålet for prosjektet SNR i tråd med utrekningar i konseptarbeidet på 4,1 MRDNOK (P50).
 - b. Revideringa av utviklingsplanen vil synleggjere behov for investeringar som utvidar føretaket sitt likviditetsbehov i åra 2018-2022, anten i SNR-prosjektet eller i føretaket elles, og styret ber derfor om at HMN søkjer om finansiering i tråd med ramma i HMN ØLP som er 4,3 MRDNOK (P50).
6. Styret peikar på restarealet i Kristiansund sjukehus ut over det spesialisthelsetenesta skal nytte, og ber adm. dir. om å gå i dialog med Kristiansund kommune og/eller andre aktuelle eigedomsutviklarar for snarleg å avklare driftsmodell og eigedomsforholda, slik at ein for føretaket reduserer arealmessig risiko.
7. Styret tek arbeidet med «Konsekvensanalyse/ROS-analyse Konseptfasen SNR» til orientering, og ber om at denne vert lagt til grunn for vidare arbeid med risikoreduserande tiltak i forprosjektet.
8. Styret tek forbettringspunkt frå Kvalitetssikring av Konseptval (KSK) til orientering og ber om at desse vert lagt til grunn for vidare arbeid. Økonomiske forhold må følgjast tett opp.
9. I eit framtidretta sjukehusprosjekt som SNR skal også organisering av fagmiljø, samarbeidslinjer og arbeidsprosessar utvikle seg, og styret ber derfor om at OU-arbeidet knytt til SNR vert prioritert høgt i forprosjektfasen, og at det vert sett i samanheng med HMR sitt pågåande OU-arbeid.

10. Styret vil vidare framheve at ein i forprosjektet må utvikle løysingar som legg til rette for standardisering, industrialisering og ein entreprisestrategi som sikrar at prosjektet vert gjennomført innanfor tildelt økonomisk styringsmål.
11. HMR har så langt i tidlegfasen hatt byggherreansvaret for SNR, og styret ber om at HMN avklarar byggherreansvaret for prosjektet fram til ferdigstilling. I byggherreansvaret ligg også vidareutviklinga av leverandørforholdet til Sykehusbygg HF, som ein kritisk suksessfaktor for prosjektet.

Sak 2016/77 Eventuelt.
Ingen saker til eventuelt.

Sak 2016/78 Godkjenning av protokoll nr. 09/16 frå møte 25.11.2016

Innstilling:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 9/16 frå styremøte 25.11.16.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 9/16 frå styremøte 25.11.16

Møtet slutt kl. 13:50

Stein Kinserdal
Styreleiar

Petter Bjørdal
Nestleiar

Kirsti Slotsvik

Svein Anders Grimstad

Torbjørgh Vanvik

Charles Austnes

Jan Arve Antonsen

Kirsti Sevaldsen

Anette Lekve